

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 14/24463

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

31.10.2014

GODKJENNING AV DANIELSEN UNGDOMSSKULE FREKHAUG AS

Danielsen ungdomsskule Frekhaug bygde i 2012 modulbygg på 320 m², og vart godkjent for 120 elevar. Danielsen Ungdomsskule Frekhaug ynskte å utvide med nytt modulbygg (BRA: 431 m²) for 60 elevar, slik at det totalt vil vera undervisningslokalar for 180 elevar.

Den 25.06.14 sendte skulen inn søknad om godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* Då modulbygget ikkje var ferdig vart det gitt ei plangodkjenning (ref. 14/15958). Søknad om godkjenning etter forskrifta ville bli vurdert når modulbygget stod ferdig.

I oktober 2014 fekk miljøretta helsevern melding om at det nye modulbygget var ferdig og ynskte vurdering om godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

Alle modulbygga (eksisterande og nytt) vil bli erstatta av permanent skule (nybygg) innan skulestart 2017.

➤ **Tilsyn**

I samband med søknaden utførte teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter forskrifta ved Danielsen ungdomsskule Frekhaug den 30.10.14. Rektor Laila Eidsheim møtte for verksemda.

Skulen består nå av eit modulbygget (ca. 400 m²) som inneheld 4 klasserom, der 2 rom også vil bli nytta til spesialrom (naturfag, kunst og handverk), 2 grupperom og 6 toalett (derav eit er HC), samt et eige modulbygg (ca.100m²) for tilsette. Det nye modulbygget (BRA: 431 m²) vil ha undervisningslokalar for 60 elevar. Modulbygget er ei fullstendig einhet med bl.a. garderobe, 3 toalett (derav eit HC), 2 klasserom, 1 grupperom, resepsjon, lærarrom, garderobe, toalett og dusj for tilsette. Modulbygget er universelt utforma.

Parkering for bl.a. tilsette og trafikkisikker tilkomst er under arbeid – slutfase.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

- **Avvik som vart påpeika**

§ 4; Ansvar. Internkontroll

Virksomhetens eier skal påse at det er etablert et internkontrollsystem

1. Rektor har rutinar for å ta i vare elevanes arbeidsmiljø, men det er ikkje etablert eit internkontrollsystem.

§ 9; Utforming og innreieing

2. Det er pågåande arbeid (slutfase) for parkering og trafiksikker tilkomst til skulen. Det manglar god tilførselsveg mellom modulbygga. Her må det leggest til rette for betre tilkomst (eks. grusing av tilførselsveg). God utebelysning er også viktig for tilførselsvegar.

§ 19; Inneklima/luftkvalitet

3. Det er ikkje utført radonmåling. Dette må utførast i alle modulbygg.

➤ **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert Danielsen ungdomsskule Frekhaug AS godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* for inntil 180 elevar fram til 31.12.17.

Godkjenninga vert gjeve etter tilsyn den 30.10.2014.

Dersom skulen vert flytta eller endra utan at Meland kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Avvik som må rettast:

- **Avvik nr. 1** må rettast innan 31.12.14
- **Avvik nr. 2** må rettast innan 15.11.14
- **Avvik nr. 3** radonmåling må utførast vinter 2014/2015

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når avvika er lukka.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* § 6.

Med helsing

Tord Motumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygieinsk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må verte sendt via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

Kopi til:

Laila Eidsheim
Meland kommune
- Rådmann
- Utval for levekår
- Komm. avd. for kultur og oppvekst/barnehagekons.

Mottakere:

Danielsen Ungdomsskule Frekhaug Postboks 56 5918 FREKHAUG